

**Unikt samarbeid for
å verne laksen**
Side 12-13

**Framleis mange sterke
lokale oppdrettarar**
Side 22-27

**Pelagisk gigant med
lokal storsatsing**
Side 28-29

Magasinet om fiskeri og
havbruk i Sogn og Fjordane,
november 2011

Eit hav av mulegheiter

I sjuande himmel

Frå kontorloka i Måløy har dagleg leiar Rune Stian Nybakk og kollegane i ingeniørselskapet Seacon stått bak ikkje mindre enn sju nybygg dei siste to åra. No jaktar dei lokale mariningeniørane fleire medarbeidarar for å kunne fortsette utviklinga. Side 16-18

(Foto: Sindre Blålid Kvalheim)



Seacon står bak sju nybygg på to år

Gnir seg i hendene over suksessen

MÅLØY: Dei færraste kan utsette noko på produktiviteten hos skipsinge - niørane i Seacon.

Sindre Blålid Kvalheim
telefon 901 87 854
sindre.blalid.kvalheim@fjt.no

skipdesign

– Det er veldig kjekt at vi lagar produkt som sel seg sjølv, smiler dagleg leiar Rune Stian Nybakke i Seacon.

Han står i spissen for ei lita gruppe av lokale skipsingeniørar som frå sine kontorlokale i Måløy har hatt ei eventyrlig utvikling dei siste åra.

Med fartøydesignet SC34, som blei utvikla med utgangspunkt i opphevinga av avgrensingar på lengde i kystflåten i 2008, har Nybakke og kollegaene i Seacon sett teikningar av sju nybygg ende i moderne fiskefartøy.

Tar vi med at ingeniørene i tillegg har to nybygg under bygging og at dei også har stått for prosjekteringa bak ei rekke ombyggingar, er det openbart at tid har vore ein begrensa ressurs for det fremadstørmende selskapet dei siste par åra.

– Viktig å leve som avtalt

– Eg kan vel
bruke or-
det

hektisk for å beskrive året, utan at vi føler at det har gått for raskt i svингane. Vi har mange dyktige folk vi samarbeider med, slik at vi har fått utført det vi skal til rett tid og riktig kvalitet. Det er viktig å få tak i jobbar men enda viktigare er det å leve som avtalt, i forhold til tid, kvalitet og pris. Vi trur at det er det som er grunnen til at Seacon har hatt såpass stor suksess, seier Nybakke.

Vågsøyværingen etablerte Seacon i 2005 og sidan den gang har dei ambisiøse ingeniørene etablert seg som eitt av Norges leiande i sitt slag.

– Saman med Naval Consult (lokalisert på Raudeberg i Vågsøy, journ. anm.) har vi cirka 80–90 prosent av marknaden på norske kystbåtar i denne storleiken, og det er ganske spesielt at dei fleste kystbåtane i landet blir teikna her

i Vågsøy. Det trur eg ikkje alle veit, seier Nybakke.

Lokale ringverknader

Fleire av Seacon sine oppdrag dei siste åra har også kome dei lokale verfta i kommunen til gode. Mens skroget vanlegvis vert bygd i utlandet har lokale verft som Blålid og Måløy Verft bidrege i utrustningsarbeidet på fartøyene.

I den samanheng dryp det også ofte på dei lokale underleverandørane. Elektrikarar og rørleggarar frå det lokale næringslivet er bare nokre av yrkesgruppene som har brukt mykje tid på å gjere Seacon

sine teikningar om til

endelege produkt dei siste åra. Dette understrekar prosjektleiar Malvin Silden i Lyng AS som bygde den Seacon-utvikla kystsurnparen Staaløy i sommer.

– Når vi bygger ein slik båt så får alle ein del av kaka – alt frå taxinæringa til utelivsnæringa. Vi har nesten utelukkande brukt lokale underleverandørar og det vi gjer styrker heilt klart det lokale næringslivet. Her er det ein for alle og alle for ein, slår Silden lokalpatriotisk fast.

LEVERER: Dagleg leiar Rune Stian Nybakke (f.v.) kan trygt gnir seg i henda etter at han og medarbeidarane Helge Silden, Roy Haugen og Kirsti Haugan har bidrege til ikkje mindre enn sju nybygg i løpet av dei siste to åra.
(Foto: Sindre Blålid Kvalheim)

Les vidare ➤





FEKK SJANSEN: Rune Stian Nybakk i Seacon var glad då ingeniørstudent Nicolas Svoren dukka opp på døra og jakta sommarjobb tidlegare i år. No håper partane på eit meir permanent samarbeid i framtida. (Foto: Sindre Blålid Kvalheim)

Krevjande jakt på lokale hovud

MÅLØY: Mangelen på lokale mariningeniørar held Seacon tilbake.

– Det er ei stor utfordring for oss å få tak i arbeidskraft. Det er i dag mellom 10–20 arbeidsplassar i kommunen for mariningeniørar, og det er mangel på arbeidskraft som forhindrar at dette talet veks, slår dagleg leiar Rune Stian Nybakk i Seacon fast.

Han er konstant på jakt etter skipingeniørar, aller helst dei som har nokon år med erfaring frå yrket, men seier at den lokale rekrutteringa på slike fagretningar ikkje er all verda.

– Eg trur heilt klart at det er eit problem at ungdommen i ein tidleg fase vel vekk det som er krevjande og derfor ikkje tar realfag. Det betyr ikkje nødvendigvis at du då er utelukka, men du får gjerne ein omveg, seier Nybakk.

– Fantastisk sommarjobb

Nybakk har i dag fire fast tilsette i tillegg til en del deltidstilsette, og skulle gjerne gitt fleire moglegheita i Seacon.

Ein av dei få lokale ungdommane som har valt å utdanne seg innan marin teknikk er Nikolas Svoren frå Holvik i Vågsøy.

Han er for tida inne i sitt andre år som mariningeniørstudent ved NTNU i Trondheim og var særdeles heldig då han fekk moglegheita

hos Nybakk og Seacon i sommar.

– For meg var det heilt fantastisk å få sommarjobb hos Seacon og läringsskurven min peikte 90 grader oppover der. Det vanskelegaste for oss som går ingeniørlinjer er å få det praktiske synet på ting når vi sitter så mykke framfor bøkene som vi gjer. Hos Seacon fekk eg teikne på systemteikningar som vi berre snakkar om på skulen og eg fekk også vere med på verftet og sjå korleis båtane vert bygd. Det kan ein ikkje sette en økonomisk verdi på, seier Svoren.

Håpar på vidare samarbeid

Etter det 23-åringen kjenner til er det for tida berre to Måløyværingar som utdannar seg innan marin teknikk. Det meiner han er altfor få.

– For mange vel retningar som økonomi og eksport berre som ei følge av at andre vel det. Dei veit ikkje om moglegheitene som eksisterer her i Vågsøy for ingeniørar, meinar Svoren som planlegg ein retur til Vågsøy etter avslutta studietid og nokon års arbeidserfaring.

Det gleder Seacon-sjefen seg over.

– Vi set stor pris på at Nikolas kom innom og spurte etter sommarjobb og det er gunstig både for han og oss at han får sjå kva vi held på med. Vi håper at han er ein framtidig arbeidstakar hos oss, avsluttar Nybakk.

Seacon
 naval constructions



MS Harto



MS Stokke Senior



MS Voldøy



MS Ringbas



MS Meløyfjord



MS Fugløyhav



MS Staaløy

Seacon er:

- Design
- Konstruksjon
- Prosjektering
- Støttespiller
- Nyskapende
- 3D
- Sentralt lokalisert

fortsettelse følger...

www.seacon.no

Seacon as
Sjøgata
6700 Måløy
Tlf: +47 57 84 84 00

E-mail:
post@seacon.no